

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Vestland ungdomsutval
<b>Møtestad:</b>	, Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsliåsen 50, Bergen
<b>Dato:</b>	19.11.2021
<b>Tid:</b>	10:00-16.35

Namn	Funksjon	Kommentar
Mia Holdhus	Leiar	
Emilie Mortvedt Troland	Nestleiar	
Sander Eide Aase	Medlem	
Emil Øvretveit	Medlem	
Inger Christin Hystad Barane	Medlem	
Hallvard Olav Gjerland Lervik	Medlem	
Matilde Myklatun Hole	Medlem	
Marius Helgheim Ahmt	Medlem	
Synne Skulstad Birkhaug	Medlem	Kl. 15:25 - 16:35
<b>Følgjande medlemer hadde meldt forfall:</b>		
Namn	Funksjon	Kommentar
Synne Skulstad Birkhaug	Medlem	Kl. 10:00 - 15.25
<b>Følgjande varamedlemer møtte:</b>		
Namn	Møtte for	Kommentar
Maren Sævild	Synne Skulstad Birkhaug	Kl. 10:00 - 13.00
Tina Emilie Revheim	Synne Skulstad Birkhaug	Kl. 13:00 - 15:25
Theodor Solheim Gjenga		
Ingrid Hjartåker Wigand Lien		
<b>Frå administrasjonen møtte:</b>		
Namn	Stilling	
Anne Koch Grønlien	Rådgjever / møtesekretær	

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 15/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 16/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 22.-23. oktober 2021	2021/48457	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 32/21	Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2	2021/48457	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 45/21	Uttale til orientering om budsjett 2021	2021/48457	
PS 46/21	Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025 - høyring	2021/5938	
PS 47/21	Høyring Handlingsprogram for folkehelse - medverknadsorgana	2021/51620	
PS 48/21	Orientering om Regional plan for klima 2022-2035	2021/2254	
PS 49/21	Sak om tilpassa opplæring	2021/52031	
PS 50/21	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024	2021/48457	
PS 51/21	Opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23	2021/48457	
PS 52/21	Dekke kostnadar knytt til møtet for varaar		
PS 53/21	Elev- og lærlingombodet - bemanninga framover		

## Godkjenningssaker

### GK 15/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021

**Emil Øvretveit** gjorde framlegg om å sette følgjande sak på kartet:

- Elev- og lærlingombodet - bemanninga framover

Vestland ungdomsutval slutta seg samrøystes til dette.

**Mia Holdhus** gjorde framlegg om å sette følgjande sak på kartet:

- Dekke kostnader knytt til møtet for varaar

Vestland ungdomsutval slutta seg samrøystes til dette.

Innkalling og sakliste var godkjent med merknadene over.

### GK 16/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 22.-23. oktober 2021

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021

Møteprotokoll frå møte 22.-23. oktober 2021 vart godkjent utan merknadar.

## Referatsaker

### RS 32/21 Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021

Vart referert.

## Politiske saker

### PS 45/21 Uttale til orientering om budsjett 2021

Forslag til vedtak

VU kjem med følgjande uttale:

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021

**Emil Kvebæk Øvretveit** sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 1:

VU meiner tilbodet om skulefrukost skal oppretthaldast».

**Emilie Mortvedt Troland** sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 2:

Ikkje kutte ut meningokokkvaksine»

**Sander Eide Aase** sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 3:

Bybusstaksten Førde/Florø skal harmonera med taksten for ei sone i Hordaland. 40 for vaksen og 20 for born. Dette skal gjelda frå årsskiftet»

**Sander Eide Aase** sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 4:

For å harmonera med dei andre utvala i Vestland fylkeskommune bør budsjettet til Vestland Ungdomsutval vera høgare enn dei andre medverknadsorgana. Dette for å kunna få utbetalt møtegodtgjersle og moglegheita til å kunna arrangera Fylkesting for ungdom. Dette er utgifter som er høgare i Vestland Ungdomsutval enn i dei andre medverknadsorgana.»

**Emil Kvebæk Øvretveit** sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 5:

VU er glad for at det budsjetterast til tilskotsordninga Lokale transporttilbod for ungdom (LTU), kor kommunale kan søka om midlar til fleksible og alternative transportløyisingar for ungdom. Samstundes, hadde VU gjerne sett at det blei satsa endå meir på denne ordninga».

**Sander Eide Aase** sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 6:

Turistrute Hardanger: Fylket bør ikkje fortsetja å subsidiera ei turistrute som det ikkje er passasjergrunnlag for».

**Sander Eide Aase** sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 7:

Vestland bør levera tilbake arkiva til kommunane i Sogn og Fjordane då dette er ei kommunal oppgåve. Då slepp ein å investera i eit nytt arkivbygg.»

**Sander Eide Aase** sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 8

Felles administrasjon Voss: samanslåing av skulane på Voss bør gjennomførast som eit sparetiltak. Dette gjeld administrative oppgåver og ikkje fysisk skulane.»

**Sander Eide Aase** sette fram følgjande forslag:

« Tillegg 9:

Privatisteksamen bør promoterast betre for å kunna auka inntektene».

### **Avrøysting**

Øvretveit sitt forslag til tillegg 1 vart vedteke mot 1 røyst.

Troland sitt forslag til tillegg 2 vart vedteke mot 1 røyst.

Aase sitt forslag til tillegg 3 vart vedteke mot 1 røyst.

Aase sitt forslag til tillegg 4 vart samrøystes vedteke.

Øvretveit sitt forslag til tillegg 5 vart samrøystes vedteke.

Aase sitt forslag til tillegg 6 vart samrøystes vedteke.

Aase sitt forslag til tillegg 7 vart samrøystes vedteke.

Aase sitt forslag til tillegg 8 vart vedteke mot 4 røyster.

Aase sitt forslag til tillegg 9 vart vedteke mot 3 røyster.

### **Vedtak**

VU kjem med følgjande uttale:

- VU meiner tilbodet om skulefrukost skal oppretthaldast
- Ikkje kutte ut meningokokkvaksine
- Bybusstaksten Førde/Florø skal harmonera med taksten for ei sone i Hordaland. 40 for vaksen og 20 for born. Dette skal gjelda frå årsskiftet
- For å harmonera med dei andre utvala i Vestland fylkeskommune bør budsjettet til Vestland Ungdomsutval vera høgare enn dei andre medverknadsorgana. Dette for å kunna få utbetalt møtegodtgjersle og moglegheita til å kunna arrangera Fylkesting for ungdom. Dette er utgifter som er høgare i Vestland Ungdomsutval enn i dei andre medverknadsorgana.
- VU er glad for at det budsjetterast til tilskotsordninga Lokale transporttilbod for ungdom (LTU), kor kommunale kan søka om midlar til fleksible og alternative transportløyser for ungdom. Samstundes, hadde VU gjerne sett at det blei satsa endå meir på denne ordninga.
- Turistrute Hardanger: Fylket bør ikkje fortsetja å subsidiera ei turistrute som det ikkje er passasjergrunnlag for.
- Vestland bør levera tilbake arkiva til kommunane i Sogn og Fjordane då dette er ei kommunal oppgåve. Då slepp ein å investera i eit nytt arkivbygg.
- Felles administrasjon Voss: samanslåing av skulane på Voss bør gjennomførast som eit sparetiltak. Dette gjeld administrative oppgåver og ikkje fysisk skulane.
- Privatisteksamen bør promoterast betre for å kunna auka inntektene.

**PS 46/21 Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025 - høyring**

**Mia Holdhus** sette fram følgjande forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval ønskjer at det skal bli tryggare å ferdast langs vegen. Me meina det er ønskjeleg med fleire sykkelstiar, gangfelt og fotgjengarovergangar langs vegar som ikkje har dette. Det burde leggjast meir til rette for at ein skal kome seg rundt på sykkel eller ved å gå. Det er ønskjeleg at fleire kan få betre trafikkopplæring i ung alder, gjerne i forbindelse med skule. Valfaget trafikk som er tilbydd ved nokre ungdomsskular er me svært positive til, og me ser på det som eit fag som bidrar til større trafikktryggleik blant unge og ønskjer at dette skal bli tilgjengeleg på fleire skular. El-sparkesyklar har gitt trafikkbilete nye utfordringar. I forlenging av uttale til nasjonal tiltaksplan for trafiksikkerheit på veg 2022-2025, vil Vestland Ungdomsutval framheve at både lokale og statlege myndigheiter burde ha meir handlingsrom til å regulera el-sparkesyklar, og at elsparkesyklar bør differensierast frå vanlege sykklar i lovgiving som til dømes i siste ledd av kjøretøyforskriften §2-5, nr12. Det er svært bra at ein ønskjer å sjå meir på korleis ein kan sikre barn i skuleskyssen og andre trafikksikringstiltak på skuleveg. Om ein har betre gangfelt og færre farlege vegar langs skulevegen kan ein også spare på skuleskyssen og ein får meir fysisk aktivitet inkludert i kvardagen. VU ser også alvorleg på ulukkesstatistikken for unge, og vil understreka kor viktig det er med førebyggjande tiltak spesifikt for dei nyaste trafikkantane. Slike tiltak er mest aktuelt for 1. klassingar og 3. klassingar på vidaregåande opplæring.»

### **Avrøysting**

Mia Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale**

Vestland Ungdomsutval ønskjer at det skal bli tryggare å ferdast langs vegen. Me meina det er ønskjeleg med fleire sykkelstiar, gangfelt og fotgjengarovergangar langs vegar som ikkje har dette. Det burde leggjast meir til rette for at ein skal kome seg rundt på sykkel eller ved å gå. Det er ønskjeleg at fleire kan få betre trafikkopplæring i ung alder, gjerne i forbindelse med skule. Valfaget trafikk som er tilbydd ved nokre ungdomsskular er me svært positive til, og me ser på det som eit fag som bidrar til større trafikktryggleik blant unge og ønskjer at dette skal bli tilgjengeleg på fleire skular. El-sparkesyklar har gitt trafikkbilete nye utfordringar. I forlenging av uttale til nasjonal tiltaksplan for trafiksikkerheit på veg 2022-2025, vil Vestland Ungdomsutval framheve at både lokale og statlege myndigheiter burde ha meir handlingsrom til å regulera el-sparkesyklar, og at elsparkesyklar bør differensierast frå vanlege sykklar i lovgiving som til dømes i siste ledd av kjøretøyforskriften §2-5, nr12. Det er svært bra at ein ønskjer å sjå meir på korleis ein kan sikre barn i skuleskyssen og andre trafikksikringstiltak på skuleveg. Om ein har betre gangfelt og færre farlege vegar langs skulevegen kan ein også spare på skuleskyssen og ein får meir fysisk aktivitet inkludert i kvardagen. VU ser også alvorleg på ulukkesstatistikken for unge, og vil understreka kor viktig det er med førebyggjande tiltak spesifikt for dei nyaste trafikkantane. Slike tiltak er mest aktuelt for 1. klassingar og 3. klassingar på vidaregåande opplæring

## **PS 47/21 Høyring Handlingsprogram for folkehelse - medverknadsorgana**

Forslag til vedtak.

1. Medverknadsorgana gjev følgjande uttale til handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025:

## Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021

Mia Holdhus sette fram følgjande forslag:

«Alternativ:

Vestland ungdomsutval meiner at det er viktig å prioritere skulevegen til elevane i fylket for å sikre dei ein trygg og tilrettelagt veg til skulen. Dette omfattar blant anna fleire gang- og sykkelveggar og fotgjengarfelt. Me ønskjer at lågterskeltilbod for ungdom skal prioriterast, slik at alle kan delta i aktivitetar på fritida uavhengig av økonomi. I tillegg til fleire lågterskel møteplassar for ungdom. Det er viktig for oss at den vidaregåande opplæring er praksisnær slik at ein er førebudd yrkeslivet på ein betre måte. VU meina også at det er viktig med universell utforming av dei vidaregåande skulane slik at alle har like god tilgang til bygga. Det er også veldig positivt å få inn pilotprosjekt med fiskesprell i kantiner for å få sikra ein variert kost.»

### Avrøysting

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Uttale

Vestland ungdomsutval meiner at det er viktig å prioritere skulevegen til elevane i fylket for å sikre dei ein trygg og tilrettelagt veg til skulen. Dette omfattar blant anna fleire gang- og sykkelveggar og fotgjengarfelt. Me ønskjer at lågterskeltilbod for ungdom skal prioriterast, slik at alle kan delta i aktivitetar på fritida uavhengig av økonomi. I tillegg til fleire lågterskel møteplassar for ungdom. Det er viktig for oss at den vidaregåande opplæring er praksisnær slik at ein er førebudd yrkeslivet på ein betre måte. VU meina også at det er viktig med universell utforming av dei vidaregåande skulane slik at alle har like god tilgang til bygga. Det er også veldig positivt å få inn pilotprosjekt med fiskesprell i kantiner for å få sikra ein variert kost

PS 48/21 Orientering om Regional plan for klima 2022-2035

## Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021

Mia Holdhus sette fram følgjande forslag:

«Tillegg:

1. Emil Øvretveit
2. Inger Christin Hystad Barane

Vara: Theodor Gjenga Solheim»

### Avrøysting

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

- 1) Vestland ungdomsutval tek orienteringa til vitande.
- 2) Vestland ungdomsutval utnemner følgjande to deltakarar til politisk samarbeidsgruppe, som del av planprosessen til Regional plan for klima 2022-2035.

1. Emil Øvretveit
2. Inger Christin Hystad Barane

Vara: Theodor Gjenga Solheim

## **PS 49/21 Sak om tilpassa opplæring**

Forslag til vedtak

Medverknadsorganet gjev fylgjande uttale:

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021**

**Mia Holdhus** sette fram følgjande forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval stiller seg bak saka og syner saka er svært positiv. Tilpassa opplæring er viktig slik at alle får den opplæringa dei skal og kan meistre den.»

### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale**

Vestland Ungdomsutval stiller seg bak saka og syner saka er svært positiv. Tilpassa opplæring er viktig slik at alle får den opplæringa dei skal og kan meistre den

## **PS 50/21 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval gjev følgjande uttale:

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021**

**Mia Holdhus** sette fram følgjande forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval stiller seg bak forslaget til innstilling».

### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale**

Vestland Ungdomsutval stiller seg bak forslaget til innstilling

## **PS 51/21 Opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23**

Forslag til vedtak

VU kjem med følgjande uttale:

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021**

**Mia Holdhus** sette fram følgjande forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval meiner at linjene vg1 studiespesialiserande på Kvam vgs, vg1 elektro på Kvam vgs og vg3 påbygg på Os vgs ikkje burde kuttast, fordi dei linjene er viktige i distriktet og dei trengs for å kunne halda ungdommen i kommunen slik at dei slepp flytte».

#### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

Vestland Ungdomsutval meiner at linjene vg1 studiespesialiserande på Kvam vgs, vg1 elektro på Kvam vgs og vg3 påbygg på Os vgs ikkje burde kuttast, fordi dei linjene er viktige i distriktet og dei trengs for å kunne halda ungdommen i kommunen slik at dei slepp flytte

### **PS 52/21 Dekke kostnadar knytt til møtet for varaar**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021**

**Mia Holdhus** sette fram følgjande forslag:

«Framlegg:

Varaane i Vestland Ungdomsutval skal få dekkja kostnader knytt til reise og opphald i forbindelse med møtet 19.11.21 i Bergen.»

#### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Varaane i Vestland Ungdomsutval skal få dekkja kostnader knytt til reise og opphald i forbindelse med møtet 19.11.21 i Bergen.

### **PS 53/21 Elev- og lærlingombodet - bemanninga framover**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 19.11.2021**

Sander Eide Aase sette fram følgjande forslag:

«Framlegg:

VU har forståing for at ein kuttar ei stilling i elev og lærlingombodet og ynskjer å vurdere ordninga når ei evaluering føreligg.»

#### **Avrøysting**

Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

VU har forståing for at ein kuttar ei stilling i elev og lærlingombodet og ynskjer å vurdera ordninga når ei evaluering føreligg.